

Skintveit Bygg AS  
C/o Lars-Erik Skintveit Nordgardsleitet 56A  
5137 MJØLKERÅEN

Referanser:  
Dykkar: Lars-Erik Skintveit  
Vår: 21/1202 - 23/87013

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
13.11.2023

Avvist søknad om bruksendring frå driftsbygg til bueining - gbnr  
347/10 Rossland

**Administrativt vedtak.** **Saknr: 1182/23**  
**Tiltakshavar:** Glenn Rossland  
**Ansvarleg søker:** Skintveit Bygg AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

#### VEDTAK

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om bruksendring av driftsbygg til ny bueining avvist.**

**Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta. Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

#### Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 08.02.2021, etterfylgjande førespurnad om komplettering av brev datert 22.03.21 og Dykkar brev av 10.07.21, 23.08.21.

Saka gjeld søknad om bruksendring av driftsbygg til ny bueining.

#### KOMMUNENS VURDERING

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Gjennomføringsplan er mangelfull, det skal dekkast alle ansvarsområde m.a. prosjekterande for våtrom, utsleppsanlegg, membran, etablering av nybueining, uavhengig kontrollerande for fuktsikring våtrom og lufttettethet.

2. Det er ikkje mottatt søknaden om bruksendring frå ansvarleg søker, kun erklæring om ansvarsrett.
3. Det manglar skjema opplysningar om tiltakets ytre rammer.
4. Det er ikkje definert punkter i TEK det søkerast dispensasjon eller unntak frå og det er ikkje oppgjeve kompensererande tiltak for alle punkter. Det er uklart om det søkerast fråvik frå radonkravet, fuktsikring i våtrom, etc.

Det er uklart om sikring ved brann er ivareteke ved bruksendring frå løa til bustad.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming. Frist for å kome med manglande informasjon ble satt til 30.11.21. Fristen er utgått og saka ble avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Regelverk**

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Larissa Dahl  
Rådgjevar

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Glenn Rossland

Skurtveitvegen 5917  
8

ROSSLAND

**Mottakarar:**

Skintveit Bygg AS

C/o Lars-Erik 5137  
Skintveit  
Nordgardsleitet  
56A

MJØLKERÅEN